

AUSTRHEIM SOKNERÅD

MØTEBOK – TITTELARK

FELLESRÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
01.06.16

Tilstades på møtet:

Medlemer:

Arne Lerøy, Anny Bertelsen, Britt Ystebø, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin S. Fonnes, Kine Lerøy, Anita Bakke, Svein Tomas Villanger, Bjørn Helge Olsen, Jusu Gyflan og sokneprest Per Børge Hillestad.

Varamedlemer:

Andre:

Kyrkjeverje Bodil Monslaup

Desse hadde meldt forfall:

Kommunal repr. Anne Dahle Austrheim.

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 17/16 – 19/16

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F-17/16 GODKJENNING AV SAKLISTE OG INNKALLING
Sakliste og innkalling vart godkjent

F-18/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 12.04.16
Møteboka frå 12. april vart godkjent og underskriven

F-19/16 SKRIV OG MELDINGAR

a. Rekneskapsoversikt.

Gjennomgang av budsjett og rekneskap pr. 18.05.16

b. Nytt om kyrkja:

- Måling av kyrkja – Malermester Birkeli utfører arbeidet.

Kyrkja vert måla på eine langsida og i fronten, inkl tårn.

Stilaset er sett opp, men dei tek ikkje til før 6. juni.

Prøver å få arbeidet ferdig mellom vigsel 4/6 og 8/7.

Alt er avhengig av været. Det er allereie skifta ut noko dårleg kledning.

- «Ringerommet» er ikkje lengre eit ringerom. Arne Bertelsen har jobba jevnt og trutt for å omgjere rommet til eit lokale der ein kan samle borna under deler av gudstenesta. (Dette er gjort etter tidlegare vedtak)

- Så til eit prosjekt som er frå fleire år tilbake.

Då vi fjerna ein del benker bak i kyrkja vart det bestemt at det skulle lagast salmebokhyller av sidedelane.

For å gjere ein lang historie kort så er vi no i gang.

Ho som den gongen skulle ta oppdraget har no eit skuleprosjekt på det, ilag med elevar ho har på vidaregåande. Vi betalar kun for materialer ho må kjøpe inn, truleg under kr. 1.000. Ho lagar ei salmebokhylle med plass til bøker på to sider. Så vert det laga ei hylle med plass til barnebøker og det andre vi har for born bak i kyrkja, og som ser litt rotete ut.

Begge hyllene går på hjul slik at dei kan kjørast ut i våpenhuset nå det er samlingar der ein forventar mykje folk.

c. Betjening av Kyrkjelydskontoret i sommar

Kyrkjevevje jobber fram til 8. juli.

Ny kyrkjevevje er på plass 15. aug.

Organist/kyrkjelydspedag tek ut 1 veke ferie frå 19 - 25. juni, tilbake til gudstenesta 26. juni

Han tek kontortjenester kvar onsdag i perioden 27. juni - 19. juli.

Han tek også evt. gravferder i den perioden.

Tek ut 3 veker og 3 dagar ferie frå 20. juli til 14. aug.

Soknepresten skal ha ferie frå 27. juni – 8. aug.

I veka etter han kjem igjen er han lite tilgjengelig på kontoret.

Dette vil sei at i perioden 20. juli til 14. aug. har vi ubetent kontor, men evt. saker som ikkje kan vente, t.d. gravferder vert betjent frå Fedje

Gravplassen skal gå greitt, dei to vikarierar for kvarandre, og vi har slåttehjelp fram til 9/8.

Det som vert sårbart er:

- Dødsfall og planlegging av gravferder
- Dåpsamtalar for dåp av born frå Austrheim som må døypast andre stader, Det er ikkje gudstenester med høve til dåp i Austrheim mellom 26/6 og 18/9.
- Faktura og løn (til vikarar)
- KB vert utsett med levering til 16. aug. og utgjeving til 8. sept.

d. Gravplassen og søppelhandtering:

Vi har hatt store problem med søppellevering frå gravplassane. Publikum sorterar ikkje. Søppelbilane tek ikkje med kompost dersom det ikkje er organisk matavfall pakka i grønne posar. I papirdunkane finn vi så mykje rart at det kunne ikkje levrast som papir. Og framfor påska «drukna» vi i kransar.

No har vi dessverre måtte bestille konteinrar til begge gravplassane. Dei er låst og publikum skal framleis bruke dei små dunkane, men kyrkjegardsarbeidaren tømmer jamleg, slik at det ikkje ser stygt ut. Konteinaren på Austrheim skal få ei betre plassering, men pr. no er det kun slått som vert prioritert.

På Lervåg vert konteinaren sett på vår eigedom, plassen nedom bedehuset.

e. Dette er saker soknerådet og ny kyrkjeverje bør ha på sakskartet:

-Ombygging av toaletta på Kyrkjelydshuset

Om mulig også bygge inn delar av skuret. Ny ytterdør bør i alle fall prioriterast. Ved ei innbygging av skuret kunne ein fått eit vaskerom med sluk. Pr no stå vaskemaskina (der vi vaskar mopper) i kjellaren utan sluk i golvet.

-Mur for plassering av ein del gamle gravminner på Austrheim gravplass. Dette er ei sak Sogelaget og Soknerådet har avtale om å samarbeide med.

-Evt. fleire saker eg kjem på før møtet.

f. Det er bestemt dato for første møte i haust:

Tirsdag 1. sept. (AU 18. aug.)

AUSTRHEIM SOKNERÅD

MØTEBOK – TITTELARK

SOKNERÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
01.06.16

Tilstades på møtet:

Medlemer:

Arne Lerøy, Anny Bertelsen, Britt Ystebø, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin S. Fonnes, Kine Lerøy, Anita Bakke, Svein T. Villanger, Jusu Gyflan, Bjørn Helge Olsen og sokneprest Per Børge Hillestad.

Varamedlemer:

Andre:

Kyrkjeverje Bodil Monslaup

Desse hadde meldt forfall:

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Soknerådsaker: S-21/16 – S-25/16

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- S-21/16 GODKJENNING AV SAKLISTE OG INNKALLING
Sakliste og innkalling vart godkjent.
- S-22/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 12.04.16
Møteboka frå 12. april vart godkjent og underskriven
- S-23/16 SKRIV OG MELDINGAR
- a. Kjerringrokken skal ha Temakveld og mini-basar mandag 13. juni.
Soknerådet har sagt at dei vil vere ein samarbeidspartnar.
 - b. Framlegg frå soknepresten om neste års konfirmantundervisning.
det er ein del planlegging og tilsetjingar som må avklarast før alt er i orden.
Invitasjon til konfirmantane vert sendt ut no i månadskiftet mai/juni.
Ein førebels plan for konfirmantåret 2016/17 ligg ved.
 - c. Sidan det ikkje vert gudstenester i Austrheim i sumar sender vi ved lista
over det vi har, og som dei har i nabosokna.
I tillegg til lista har Fedje gudsteneste søndag 24. juli.
 - d. Det har alltid vore ein delvis dugnad på å gjere konfirmantkappane klare i
god tid før konfirmasjonsdagen.
Kan vi få til ein dugnad på det etter 15. aug.
 - e. Vi treng fleire kyrkjevertar, og på sikt kanskje nye klokkarar.
Tenk på personar vi kan spørje. Nokre gonger i året på kvar.
 - f. Øvingsrom for band tilknytta konfirmantundervisninga/ungdomsarbeidet.
Ein av konfirmanlærarane, Wilco har ynskje om å starte band med
konfirmantar og andre ungdommar. Men dei treng ein stad å øve.
Det er ynskje om eit rom dei kan «kalle» sitt.
Etter gjennomgang av huset er vi kome til at «gamle, gamle KB»
kan vere aktuelt. Men det treng lydisolering og ein del oppgradering.
Kan Soknerådet støtte ein slik tanke. Litt meir informasjon på møtet.
Om Wilco har mulighet stiller han på møtet og tek opp saka.
- SOKNERÅDET VAR POSITIV -

- S-24/16 MISJONSAVTALEN – EVT. ENDRING AV OFFER
Soknerådet har ein misjonsavtale med Det norske misjonsselskap. (NMS)
Der har vi forplikta oss til 4 ofringar i året og at vi skal bidra med minst
kr. 15.000 året. Avtalen har støtta «Gi evangeliet vidare» i Mali frå 2000.
Først var Kari og Ketil Vestbøstad der og no er Frode Brügger Sætre der.

No har det seg slik at ei misjonsforeining bidreg med ca. 9 – 10 tusen i året.
Og no ynskjer Kjerringrokken å bidra med sine midlar inn i kyrkjelyden sitt
misjonsprosjekt.

Med dette kjem vi langt over dei 15.000 vi har forplikta oss til.

På arbeidsutvalsmøtet kom det framlegg om endring på dette.

Det var ynskje om å bidra meir til Kyrkjelydsarbeidet ved å endre på ofringane.

Dersom ofringane på konfirmasjonsdagen vert endra frå misjonsprosjektet til kyrkjelydsarbeidet får vi meir til vårt eige arbeid, men mindre til det vi også har forplikta oss til, å drive misjonsarbeid utad.

Pr. no:

Misjonsforeininga til Oddlaug bidreg med ca. kr. 9.000,-

Ofringane med kr. 15.000 +/-

Vi sender ca. 20 – 23.000 i året

Kjerringrokken har støtta prosjektet direkte til NMS i fleire år.

Ved endring av ofringane er det NMS og misjonprosjektet som totalt vil tapa på det.

Kjerringrokken med temamøte og mini-basar vil kunne bidra med ein bra sum i år inn i misjonsprosjektet.

Det vert maks 5.000 i offer (når konfirmasjonsoffret går ut)

NMS foreininga som no bidreg md ca. 9.000 i året består av damer i godt vaksen alder. Kor lenge dei helt fram veit vi ikkje !

Med desse opplysningane må soknerådet gjere vedtak om dei vil endra ofringa på konfirmasjonsdagen frå Misjonsprosjektet til fordel for Kyrkjelydsarbeidet. Eller om vi skal halde fram som no. Det kan også gjerast vedtak som kun gjeld for i år.

Gjeldande misjonsavtale låg ved.

Vedtak:

For 2016 vert ofringane til Misjonsprosjekt på konfirmasjonssøndagen som vedteke.

S-25/16

50-ÅRSKONFIRMANTAR

Etter vedtak om å halde fram med treff for 50 års konfirmantane vert det sendt ut invitasjon i juni/juli.

Treffet vert 18. sept. med gudsteneste og festsamling med koldtbord på Samfunnshuset.

I juni 1966 vart 31 ungdommar konfirmerte, kor mange som er gått bort veit vi i skrivande stund lite om.

Sidan det er «mannskapskifte» på kontoret må nokon ta hovudansvar for påmelding og bestilling av mat. Samfunnshuset er bestilt.

Det må også skaffast dugnadsfolk til arrangementet.

Vedtak:

Kyrkjevevje sender invitasjon til 28 gjenlevande 50 års konfirmantar.

Kafeen i Samfunnshuset er bestilt. Mat må tingast når påmeldingsfristen 5. sept er omme. (Lurt å kontakte leverandør tidlegare)

Arbeidsutval får i oppdrag å skaffe dugnadsfolk, fotograf og evt. utstilling av gamle bilder.

Prisen er sett til kr. 450,- pr. person og kr. 50 for bilde, om dei ynskjer det.

